

Ullensvang herad
Heradshuset
5780 KINSARVIKDato: 08.01.2016
Vår ref.: 2014/19439-77
Saksbehandlar: arnasan
Dykkar ref.:

Klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland - informasjons- og drøftingsmøte

Eg viser til brev datert 30. desember 2015 og telefonsamtalen i dag.

Fylkestannlegen har utarbeidd utkast til framtidig klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland. Som ein del av høyringsrunden ga fylkestannlegen ei orientering om planen til Hardangerrådet i sitt møte 11. desember 2014.

Klinikkstrukturplanen skal nå få si politiske handsaming. Målet er at fylkestinget skal fatta endeleg vedtak i mars 2016. Av den grunn har fylkestannlegen i samråd med fylkesrådmannen vurdert det som ønskeleg å ha eit informasjons- og drøftingsmøte med kvar einskild av dei kommunane der planforslaget på ein eller annan måte inneber endringar i tannhelsetilbodet. Det er ønskelig å treffa den enkelte kommune fordi det er ulike omsyn – og ulike vurderingar – som må gjerast alt etter eksisterande tannhelsetilbod, kommunen sin storleik og infrastruktur i området. I den grad det passar ønsker også fylkesrådmannen å delta på nokre av desse møta, m a dette møtet med Ullensvang herad.

Ullensvang herad er velkomne til eit informasjons- og drøftingsmøte om det framtidige tannhelsetilbodet tysdag 19. januar kl 14 - 1530 på fylkesrådmann sitt kontor.

Arne Åsan
fylkestannlege

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.